



Arkivnr: 2015/5369-4

Saksbehandlar: Sunniva Schultze-Florey

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet		18.08.2015
Fylkesutvalet		27.08.2015

**Oppmoding om uttale - Hordaland Privatgymnas AS - søknad etter friskulelova****Samandrag**

Hordaland Privatgymnas AS søker om godkjenning etter privatskulelova. Skulen ønsker å drive verksemda på religiøst grunnlag, sjå friskulelova § 2-1 andre ledd bokstav a.

Skulen har søkt om 360 elevplassar på studiespesialisering frå hausten 2016.

Fristen for uttale er 1. september 2015.

**Forslag til innstilling**

Hordaland fylkeskommune har overkapasitet på studiespesialiseringande utdanningsprogram. I Bergen kommune er det om lag 1000 elevplassar for mykje. Det er naudsynt å gjere endringar i skulestrukturen, og det vil kome ei sak som tek for seg struktur på studiespesialiseringande utdanningsprogram. Ei godkjenning av ein ny privat skule vil ha negative konsekvensar for den offentlege skulestrukturen. Fylkesutvalet støtter ikkje søknaden om godkjenning.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Svein Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

**Vedlegg**

- 2 Søknad
- 3 Registerutskrift fra Enhetsregisteret - 20150331 registerutskrift Oslo Toppidrettsgymnas
- 4 Innskuddskapital - Bekreftelse på innskuddskapital Oslo Toppidrettsgymnas AS
- 5 Vedtekter - 20150318 Vedtekter Hordaland Privatgymnas AS
- 6 Tillegg til læreplan og eller alternativ fag- og timefordeling - Læreplan Livssynshumanisme VGS

- Endringsdokument
- 7 Tillegg til læreplan og eller alternativ fag- og timefordeling - Læreplan Livssynshumanisme VGS Generell læreplan
  - 8 Tillegg til læreplan og eller alternativ fag- og timefordeling - Læreplan Livssynshumanisme VGS Utkast filosofi og livssyn
  - 9 Redegjørelse for elevtall - 2015 elevtall redegjørelse Hordaland Privatgymnas AS
  - 10 Inntaksreglement - 2015 Inntaksreglement Hordaland Privatgymnas AS
  - 11 Ordensreglement - 2015 Ordensreglement Hordaland Privatgymnas AS
  - 12 Budsjett - budsjett\_VGS\_2015\_90-360elever.xlsx
  - 13 Tilleggsopplysninger - Tilleggsopplysninger Hordaland Privatgymnas
  - 14 Endring av søknad - Hordaland Privatgymnas AS
  - 15 Læreplan Livssynshumanisme VGS Endringsdokument
  - 16 Læreplan Livssynshumanisme VGS Filosofi og livssyn
  - 17 Læreplan Livssynshumanisme VGS Generell læreplan

## Fylkesrådmannen, 31.07.2015

### Bakgrunn for saka

Hordaland Privatgymnas AS søker om godkjenning etter privatskulelova. Privatskulelova vart endra med verknad frå 1. august 2015, mellom anna ved at namnet på lova vart endra til friskulelova. Hordaland Privatgymnas AS ønskjer å drive verksemda på religiøst grunnlag, og søker godkjenning etter friskulelova § 2-1 andre ledd bokstav a. Regelen lyder:

#### § 2-1. Godkjenning av skolar

*Departementet kan godkjenne frittståande skolar og driftsendringar ved godkjende frittståande skolar. Departementet kan godkjenne at ein grunnskole flyttar verksemda si til ein annan kommune eller at ein vidaregåande skole flyttar verksemda si til ein annan fylkeskommune. Ein skole skal ikkje få godkjenning dersom etableringa vil medføre negative konsekvensar for det offentlege skoletilbodet, eller andre særlege grunnar tilseier at skolen ikkje bør godkjennast. Vertskommunen eller vertsfylket skal få høve til å gi fråsegn før departementet gjer vedtak i saka, og dei kan klage på departementet sitt vedtak. Godkjende skolar har rett til statstilskot etter § 6-1 og til å drive verksemd etter lova.*

*Skolane skal drive verksemda si på følgjande grunnlag:*

- a) *livssyn*
- b) *anerkjend pedagogisk retning*
- c) *internasjonalt*
- d) *særskilt tilrettelagd vidaregåande opplæring i kombinasjon med toppidrett*
- e) *norsk grunnskoleopplæring i utlandet*
- f) *særskilt tilrettelagd opplæring for funksjonshemma*
- g) *vidaregåande opplæring i små og verneverdighe handverksfag*
- h) *vidaregåande opplæring i yrkesfaglege utdanningsprogram*
- i) *særskilt profil*

### Søknaden

Skulen har søkt om totalt 360 elevplassar på studiespesialisering fordelt på Vg1, Vg2 og Vg3, med 135 elevar fyrste skuleår og 360 ved fullt utbygd skule. Skulen er planlagt med felles Vg1 (STUSP1), og tredelt Vg2 og Vg3, med både realfag (STREA2 og 3), språk, samfunnsfag og økonomi (STSSA2 og 3) og studiespesialiserande (utan formgivningsfag) (STUSP2 og 3). Skulen planlegg å starte hausten 2016. I søknaden vert det opplyst at skulen ikkje har lokale no, men er planlagt å ligge sentralt i Bergen kommune. Skulen søker godkjenning på religiøst grunnlag og opplyser at deira religiøse grunnlag er livssynshumanisme. Skulen har ein eigen generell læreplan og eigen filosofi og eige livssyn. Av liknande skular er allereie Humanistskolen godkjent, som har same livssyn som denne skulen. Søknaden er fremma av dagleg leiar Petter Arne Alvik som er involvert i Akademiet-kjeda, og som allereie har ein skule med tilbod innanfor studiespesialiserande utdanningsprogram i Bergen sentrum.

### Uttalen

Skulen er planlagt å ligge i Bergen kommune i Hordaland fylke, og som vertsfylke er Hordaland invitert til å kome med uttale. Fristen for uttale er 1. september 2015. Fylkeskommunen står fritt til å gi ein uttale uavhengig av om fylket stiller seg nøytral, positiv eller negativ til søknaden. Om det ikkje kjem uttale, legg Utdanningsdirektoratet til grunn at det ikkje føreligg konkrete innvendingar. Utdanningsdirektoratet vil mellom anna vektlegge desse momenta:

- Endring av skulestruktur og budsjettmessige konsekvensar
- Lære plassar
- Skulefaglege omsyn

Fylkeskommunen har ansvaret for formidling av lære plassar, og ei velgrunna innvending om høve til å skaffe lære plassar i aktuelle fag vil vere relevant for sakshandsaminga i Utdanningsdirektoratet. Dette er ikkje interessant for denne søknaden, ettersom det vert søkt om elevplassar innanfor studieførebuande utdanningsprogram. Med skulefaglege omsyn er t.d. meint nedlegging av små offentlege skular til fordel for større einingar for å opprette eit miljø med større høve til fagleg og pedagogisk utvikling. Dette er heller

ikkje relevant i denne saka. Det som derimot er relevant, er konsekvensane for den offentlege skulestrukturen.

I søknaden står det at skulen er planlagt sentralt i Bergen kommune. Fylkesrådmannen legg til grunn at initiativtakarane med dette søker å finne eigna lokale i Bergen sentrum. Det er overkapasitet på studiespesialiserande utdanningsprogram i Bergen kommune, og særleg i region Bergen Vest.

Ved vurdering av trøng for auka elevplassat på studiespesialiserande utdanningsprogram i region Bergen sentrum er det naturleg å sjå på utviklinga i talet på 16-18-åringar i regionen samanlikna med elevplassalet ved utdanningstilbodet det vert søkt om godkjenning for. I skulebruksplanen er utviklinga i elevtalet i regionen omtala slik:

*«I region sentrum er elevtalet og talet 16-18-åringar venta å halde seg relativt stabilt i første del av planperioden. Fra omkring 2020 er elevtalet venta å auke frå omkring 3800 til i overkant av 4000 i 2025. I perioden frå 2025-2035 er elevtalet venta å auke opp mot 4700.»*

*Det er svært mange elevar frå andre regionar som reiser til region Sentrum. Dette er ei følgje av elevane sine ønske, kommunikasjonar og attraktive tilbod i sentrum. Det er og her dei fleste private skulane er lokalisert.»*

Nye tal frå Statistisk Sentralbyrå viser at reisejusterte framskrivingar av elevtalet i fylket er lågare enn tidlegare forventa. Elevtalet er forventa å ligge på 3500 i 2025 og 3700 i 2035. Dette er 500 færre elevar i 2025 og 1000 færre elevar i 2035, enn det som ligg til grunn for skulebruksplanen.

I region Bergen Sentrum er det dei fylkeskommunale skulane Amalie Skram videregående skole og Bergen katedralskole som har tilbod innan studiespesialiserande utdanningsprogram. I tillegg ligg dei private skulane Akademiet, Sonans, Danielsen, Bergen private gymnas og St. Paul i Bergen sentrum. Alle desse har tilbod innan studiespesialiserande utdanningsprogram.

Tabellen under syner elevtal på studiespesialiserande utdanningsprogram ved dei private skulane i 2014.

Skule	Studiespes. utd.progr.
Akademiet vgs <sup>1</sup>	334
Bergen private gymnas	338
Sonans vgs	177
St Paul vgs <sup>2</sup>	270
Danielsen vgs <sup>3</sup>	482
Totalt	1601

<sup>1</sup> toppidrettstilbodet er ikkje med i desse tala

<sup>2</sup> elevplassatal, ikkje faktisk elevtal, elevteljing manglar på SSB

<sup>3</sup> i tillegg har Danielsen intensivgymnas 311 elevar

Ved dei fylkeskommunale skulane Bergen katedralskole og Amalie Skram vgs var det førre skuleår totalt 1348 elevar.

Totalt elevtal i Bergen sentrum i 2014 var 2949.

Elevplassalet ved dei fylkeskommunale skulane er planlagd auka til 1405 slik tabellen under syner. Auken skal kompensere for nedgangen i elevplassalet etter at Tanks vgs., Bergen Handelsgymnasium og Bjørgvin vgs vart slått saman hausten 2014 i Amalie Skram vgs.

Tabellen under syner planlagd elevplassstal i fylkeskommunale vgs.

<b>Skule</b>	<b>Studiespes. utd.progr.</b>
Bergen katedralskole <sup>4</sup>	595
Amalie Skram vgs	810
<b>Totalt</b>	<b>1405</b>

<sup>4</sup> inkludert Internasjonal baccalaureate (IB) og planlagd utvidig av elevplassstal

Tabellane viser at det er stor kapasitet på studiespesialiserande utdanningsprogram i Bergen sentrum, og ei overvekt av private elevplassar. I oppfølgingssak til Skulebruksplanen 22.01.2014 heiter det følgjande om kapasitet på studieførebuande i Bergen kommune: «Slik prognosane ser ut no, er det ein overkapasitet på ca. 1000 plassar på stusp i Bergen. Dette gjer at det samla sett er naudsynt å gjere endringar i tilbodet.» Av omsyn til kapasiteten er det difor ikkje trong for å auke plassalet på studiespesialiserande utdanningsprogram i Region Sentrum eller for Bergen kommune samla sett.

Det vert arbeidd vidare med skulestrukturen i Hordaland, og fylkesadministrasjonen førebur ei sak om ny struktur for studiespesialiserande utdanningsprogram. Om den nye skulen vert godkjent, vil ein få ein enda større overkapasitet på studiespesialiserande utdanningsprogram i Bergen, som vil føre til nedbygging av offentleg skuletilbod.

#### Konklusjon

I Bergen kommune er det overkapasitet på studiespesialiserande utdanningsprogram, og det er naudsynt å gjere endringar i skulestrukturen. Det er allereie gjort nokre endringar for å redusere overkapasiteten. Ei godkjenning av ein auke i elevplassar i dette tilbodet vil gjere at effekten av dei allereie førettekne endringane vert svekka og medføre at det må gjerast nye endringar. Ei godkjenning vil ha negative konsekvensar for den offentlege skulestrukturen. Fylkesutvalet støtter ikkje søknaden om godkjenning.